

Flott ros til konfirmantane!

13.02.2017



Eva Megyesi rosar oppførselen til konfirmantane.

**Alle som var på gudstenesta i Uskedal kyrkje søndag la nok merke til den flotte framferda til dei lydhøyre konformantane på tredje benk. Eg tenkte at dette fortener dei ros for, men eg fekk ikkje sagt det til dei. Derfor var det ekstra kjekt å lesa den varme rosen kantor Eva Megyesi gav desse konfirmantane i ein status på facebook-sida si i dag.**

Frå plassen sin på galleriet med god oversikt over kyrkjerommet hadde ho merka seg kor fint konfirmantane oppførte seg. Vi har spurt henne, og har fått lov til vidareformidla dei velfortente orda her:  
 "I går vi hadde Gudstjenesten i Uskedal kyrkjen. Når eg har sett konfirmantene at dei kommer inn og sette seg i den første benken, tenkte eg: ' Oj, stakkars presten, det vil komme mykje lyd igjen fra denne benken!!! ' Men.... stor overraskelse på meg. NE!! Det har komt ingen lyd fra der. Heile gudstjenesten var stille der i den første benken. Og ikke bare stille, men konfirmantane fra Uskedalen var fokusert på hva soknepresten Lina sier, og var veldig engasjerte under gudstjenesten. Så, eg ønsker å sier et stor TAKK kjære KONFIRMANTER fra USKEDALEN, dere er fantastiske og eg er stolt på dere!!!'

Veldig kjekt å lesa og veldig fortent til dei flotte ungdommane. Flott at Eva Megyesi set ord på dette og bringar det ut.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto: Kvinnheringen